



Valle kommune

Eigarskapsmelding 2023 - 2027



Vedteke av kommunestyret 26.03.2026, PS 37/26

Innhold

1. Bakgrunn og mål for eigarskapsmeldinga	3
2. Samfunnsansvar	3
2.1 Selskapa og føretaka si utvikling og strategi:.....	3
2.2 Samfunnsansvarleg forretningsdrift:.....	3
2.3 Omsynet til innbyggerane sitt behov:	4
2.4 Etikk, miljø og sosiale forhold:	4
2.5 Omdøme:.....	4
3. Oversikt over selskaps- og samarbeidsformer	4
3.2 Kommunalt føretak (KF)	4
3.3 Interkommunalt selskap (IKS)	5
3.4 Interkommunalt politisk råd (IPR)	5
3.5 Kommunalt oppgåvefelleskap (KO)	6
3.6 Vertskommunesamarbeid (VKS).....	6
3.7 Aksjeselskap (AS)	7
3.8 Stiftingar	8
4. Område for eigarstyring – rutinar.....	8
4.1 Formål og behov ved val av selskapsform	9
4.2 Konkurranseverksemd og monopol	9
4.3 God opplæring og informasjon til folkevalde	9
4.4 Utarbeiding av eigarskapsmelding.....	9
4.5 Revidere styringsdokument og avtalar	9
4.6 Eigarmøte	10
4.7 Eigarorganet si samansetting og funksjon	10
4.8 Gjennomføring av generalforsamlingar og representantskapsmøte.....	11
4.9 Samansetting av styret	11
4.10 Krav til kompetanse i styret/styremedlem	11
4.11 Krav til eigenskapar i styret/styremedlem	12
4.12 Valkomit� for styreutnemning i AS og IKS	12
4.13 Balansert kj�nnsrepresentasjon i styre	12
4.14 Rutinar for � sikre rett kompetanse	13
4.15 Styresamansetjing i konsernmodell.....	13
4.16 Oppnemning av vararepresentantar	13
4.17 Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styre.....	13
4.18 Godtgjering til styremedlem	14
4.19 Registrering av styreverv	14
4.20 Arbeidsgjevartilh�rsle i sj�lvstendige rettssubjekt	14



4.21 Utarbeiding av etiske retningslinjer.....	14
4.22 Særleg om kommunedirektøren si rolle i kommunale føretak.....	15
4.23 Utøving av tilsyn og kontroll.....	15
5. Overordna prinsipp for Valle kommune	16
5.2 Ynskte, overordna prinsipp for kommunens andre selskap og samarbeid.....	16
6. Oversikt over Valle kommune sine eigar- og samarbeidsrelasjonar	18



1. Bakgrunn og mål for eigarskapsmeldinga

Valle kommune eig og forvaltar store verdiar og løyser mange oppgåver gjennom ulike selskaps- og samarbeidsformer. Desse selskapa kan vere eigde av kommunen åleine, saman med andre offentlege aktørar eller med private eigarar.

Dei siste åra har det blitt vanlegare å organisere kommunale oppgåver utanfor den tradisjonelle politiske og administrative modellen. Når selskap og samarbeidsordningar leverer tenester til innbyggjarane eller utfører forvaltningsoppgåver, er det viktig at kommunen har gode rutinar for eigarstyring og kontroll. Dette skjer gjennom selskapsorgana.

Eigarskapsmeldinga skal gje oversikt over kommunen sine eigarskap og samarbeid, kva oppgåver dei har, og sikre at selskapsforma er hensiktsmessig. Kommunen legg til grunn at den skal vere ein aktiv og langsiktig eigar.

Eigarskapsmeldinga skal:

- Sikre systematisk politisk og administrativ oppfølging av selskapa og samarbeida, slik at kommunen er ein aktiv, føreseieleg og langsiktig eigar.
- Gje ein kortfatta og samla oversikt over kommunen sine selskap og samarbeidsavtalar, inkludert informasjon om selskaps- og samarbeidsformene.
- Fastsetje overordna prinsipp for eigarstyring.

Dei viktigaste selskapa og samarbeida er inkluderte i meldinga, spesielt dei som leverer tenester til innbyggjarane. Meldinga skal oppdaterast etter behov, minst éin gong per kommunestyreperiode i tråd med kommunelova.

Tabellen lengst bak i dokumentet oppdaterast med heimel i kommunelova i inneverande periode.

2. Samfunnsansvar

Valle kommune har eit ansvar for samfunnsutviklinga, sjølv om enkelte oppgåver kan delegerast til selskap eller samarbeidsformer. Som offentlig eigar er det viktig at kommunen har eit strategisk fokus på korleis dei kommunale selskapa og verksemdene bidreg til utviklinga av kommunen og dekkinga av innbyggjarane sine behov. Kommunen utøvar aktiv eigarskapsstyring for å sikre at selskapa utviklar seg i tråd med overordna mål for kommunen og samfunnsansvaret dei har.

2.1 Selskapa og føretaka si utvikling og strategi:

Formålsparagrafane i vedtektene for dei kommunale selskapa og føretaka angjev grunnlaget for verksemda. Kommunen skal sørge for at formålsparagrafane er tydelege og at dei blir nytta som fundament for selskapa sin strategi. Kommunen må også sørge for klare styringssignal til styra om kva som er dei strategiske måla for selskapa, med vekt på både samfunnsansvar og økonomisk berekraft.

2.2 Samfunnsansvarleg forretningsdrift:

Selskapa kommunen eig skal i sine strategiar ta omsyn til dei økonomiske, miljømessige og sosiale konsekvensane av verksemda. Dette inneber at verksemdene skal prioritere langsiktig berekraft, ta ansvar for miljøpåverknad og ivareta etiske prinsipp. Selskapa skal ikkje berre



fokusere på kortsiktig profitt, men også på korleis dei kan bidra til positiv utvikling for lokalsamfunnet.

2.3 Omsynet til innbyggjarane sitt behov:

Kommunalt eigde selskap og samarbeidsformer er etablerte for å levere grunnleggande tenester til innbyggjarane. Kommunen skal derfor ha eit klart fokus på å balansere innbyggjarane sine behov med effektivitet og lønsemd. Dette inneber at selskapa skal levere høg kvalitet på tenester samtidig som dei er økonomisk berekraftige. Innbyggjarane skal ha moglegheit til å klage og påverke dei tenestene som blir levert, og kommunen skal sikre at dei får god informasjon om selskapa sine aktivitetar.

2.4 Etikk, miljø og sosiale forhold:

Kommunen forventar at selskapa integrerer etiske, miljømessige og sosiale omsyn i si daglege drift. Dette skal vere ein del av selskapa sine strategiar og avgjerdsprosessar. Spesielt skal selskapa vurdere korleis deira aktivitetar påverkar befolkninga, både lokalt og på tvers av generasjonar, og ta ansvar for eventuelle negative konsekvensar.

2.5 Omdøme:

Selskapa kommunen eig er ein integrert del av kommunen sitt omdøme, og det er viktig at det blir utveksla god informasjon mellom kommunen og selskapa. Kommunen skal sikre at selskapa fyljer klare retningslinjer for kommunikasjon, og at dei opprettheld eit positivt omdøme gjennom godt samarbeid, openheit og ansvarleg drift.

3. Oversikt over selskaps- og samarbeidsformer

Kommunelova

Kommunar og fylkeskommunar kan samarbeide om felles oppgåver gjennom ulike former for interkommunalt samarbeid. Slike samarbeid kan organiserast på fleire måtar, som gjennom eit interkommunalt politisk råd, eit kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap, samvirkeforetak, foreiningar, eller andre organisasjonsformer som lova opnar for.

3.2 Kommunalt føretak (KF)

Kommunale føretak (KF) er ein del av kommunen og ikkje egne rettssubjekt. Dette betyr at kommunestyret har det overordna ansvaret og kan fastsetje kva føretaket skal driva med, samt setje rammer for styret si myndigheit. Kommunestyret vedtek både oppretting og eventuell oppløysing av føretaket.

KF gir kommunen moglegheit til å organisere oppgåver meir sjølvstendig, spesielt når det skal takast omsyn til både forretningsdrift og samfunnsinteresser. Det er ingen lovfesta grenser for kva oppgåver som kan leggjast inn i eit KF.

Føretaket blir styrt av eit styre, som kommunestyret vel. Styret har ansvar for drifta og representerer føretaket utetter, men kan gi dagleg leiar rett til å opptre på vegner av føretaket. Dagleg leiar, som blir tilsett av styret, står til ansvar for styret og har ansvaret for den daglege drifta.



Sjølv om KF er meir sjølvstendig enn andre kommunale einingar, er det likevel underlagd kommunestyret sin budsjettkontroll. Føretaket må følgje kommunale budsjettvedtak, og styret har ikkje fridom til å disponere midlar utover det som er fastsett i budsjettet. Kommunestyret har omfattande styrings- og kontrollmoglegheiter, mellom anna gjennom krav til rekneskap, rapportering og kontrollutvalet si handsaming av årsberetninga.

KF har ei sjølvstendig stilling i forhold til kommunen sin administrasjon. Kommunedirektøren kan ikkje gje instruks til dagleg leiar innanfor styret sitt ansvarsområde, men har rett til å uttale seg i saker som skal til kommunestyret. Kommunedirektøren kan òg krevje at iverksetjing av saker blir utsett til kommunestyret har behandla dei.

I Valle kommune er Øyne Industribygg KF eit døme på eit kommunalt føretak.

3.3 Interkommunalt selskap (IKS)

To eller fleire kommunar kan inngå eit samarbeid i form av interkommunale selskap. Interkommunale selskap (IKS) er egne rettssubjekt som er økonomisk og juridisk skilde frå deltakarkommunane. Selskapet har si eiga formue og inntekter og er sjølv ansvarleg for sine forpliktingar. Det kan berre ha kommunar og fylkeskommunar som deltakarar og eignar seg godt til oppgåver som brannvesen, revisjon og arkiv, samt andre felles oppgåver av strategisk eller økonomisk betydning. Forvaltningsoppgåver og myndigheitsutøving kan vanlegvis ikkje leggjast til eit IKS utan lovheimel.

Representantskapet er selskapet si øvste myndigheit og utøver eigarmyndigheita på vegner av deltakarkommunane. Kvar kommune må ha minst ein representant her, men kan ikkje styre selskapet direkte. Representantskapet vedtek rekneskap, budsjett, økonomiplan og eventuelle større investeringar.

IKS-lova krev at selskapet har ein selskapsavtale, som må vedtakast av alle deltakarkommunane. Styret har ansvaret for selskapet si verksemd og må forvalte verdiane i tråd med selskapsavtalen, budsjettet og vedtak frå representantskapet. Styret tilset dagleg leiar, med mindre representantskapet har denne oppgåva. Selskapet er arbeidsgjevar, og styret har ansvar for arbeidsgjevarpolitikken.

Eit særtrekk ved IKS er at deltakarkommunane har uavgrensa ansvar for sin andel av selskapet sine plikter, noko som skil det frå aksjeselskap, der ansvaret er avgrensa til innskoten kapital. Forskriftene til IKS-lova stiller krav til budsjett, rekneskap og rapportering, og dersom kommunane gir økonomiske tilskot til selskapet, må selskapsbudsjettet tilpassast kommunebudsjetta før det kan vedtakast endeleg.

3.4 Interkommunalt politisk råd (IPR)

§ 18 i kommunelova tilseier at kommunar saman kan opprette eit interkommunalt politisk råd som kan behandle saker som går på tvers av kommune eller fylkesgrensene. Det er kommunestyra eller fylkestinga sjølve som vedtek å opprette eit slikt råd. Eit IPR kan ikkje få myndigheit til å treffe enkeltvedtak, men kan få myndigheit til å treffe vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar. Namnet til rådet skal innehalde interkommunalt politisk råd.

Den enkelte deltakaren i eit interkommunalt politisk råd har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av rådet sine plikter. Til saman skal delane utgjere rådet sine samla plikter.

Dersom og når det blir oppretta eit interkommunalt politisk råd skal det bli inngått ein skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i rådet.



Avtalen skal fastsette:

- Namnet til rådet
- Om rådet er eige rettssubjekt
- Kor mange medlem den enkelte deltakar skal ha i representantskapet
- Kva saker rådet skal kunne behandle
- Kva myndigheit som er lagt til rådet
- Den enkelte deltakers eigardel i rådet og ansvarsdel for rådet sine forpliktingar dersom ansvarsdelen avvik frå eigardel
- Korleis deltakarane kan tre ut av rådet
- Korleis rådet skal oppløysast, blant anna kven som skal ha ansvaret for oppbevaring av rådet sine arkiv etter oppløysing

3.5 Kommunalt oppgåvefelleskap (KO)

Eit kommunalt oppgåvefelleskap kan etablerast av to eller fleire kommunar for å løyse felles oppgåver. Vedtak om oppretting vert fatta av det enkelte kommunestyret. Eit KO kan ikkje tildelast myndigheit til å treffe enkeltvedtak, men kan få fullmakt til å fatte vedtak om interne forhold og til å forvalte tilskotsordningar. Namnet på samarbeidet skal innehalde «kommunalt oppgåvefelleskap».

Deltakarane har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av KO sine forpliktingar. Dersom ein deltakar trer ut eller ved oppløysing held dette ansvaret fram for dei forpliktingane som gjaldt på uttredingstidspunktet.

Representantskapet er det øvste organet i KO, og alle deltakarar skal vere representerte med minst eitt medlem. Kommunestyra vel medlemmar og varamedlemmar. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar, med høve til å fastsetje rullerande verv. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem av representantskapet. Medlemmar vert valde for fire år, med moglegheit for utskifting ved nyval.

Representantskapet kan opprette underliggjande styringsorgan etter behov. Det skal utarbeidast ein skriftleg samarbeidsavtale som må godkjennast av kommunestyra i alle deltakarkommunar. Endringar i avtalen skal også vedtakast av dei same.

Samarbeidsavtalen skal fastsette

- Oppgåvefelleskapet sitt namn
- Om oppgåvefelleskapet er eige rettssubjekt
- Kor mange medlem den enkelte deltakaren skal ha i representantskapet
- Kva oppgåver og kva myndigheit som er lagt til oppgåvefelleskapet
- Deltakarane si innskotsplikt og plikt til å yte andre bidrag til oppgåvefelleskapet
- Den enkelte deltakar sin eigardel i oppgåvefelleskapet og ansvarsdel for fellesskapet sine plikter, dersom ansvarsdelen avvik frå eigarandelen
- Om oppgåvefelleskapet skal ha myndigheit til å ta opp lån
- Kva oppgåvefelleskapet skal rapportere til deltakarane om
- Korleis deltakarane kan tre ut av oppgåvefelleskapet
- Korleis oppgåvefelleskapet skal oppløysast, blant anna kven som skal ha ansvaret for at oppgåvefelleskapet sine arkiv skal oppbevarast etter oppløysing

3.6 Vertskommunesamarbeid (VKS)

§ 20 i kommunelova gjev kommunane høve til at ein eller fleire samarbeidskommunar kan inngå avtale om at ein anna kommune overtek det daglege arbeidet på eit nærare oppgjeve



ansvarsområde i form av ein vertskommune. Slike avtalar må gjerast av kommunestyret. Lova set visse minstekrav til innhaldet i avtalen.

Samarbeidet skal innehalde avgjerder om:

- Deltakarane i samarbeidet
- Kven av deltakarane som er vertskommune
- Kva oppgåver og kva myndigheit som skal leggest til vertskommunen
- Når oppgåver og myndigheit skal utførast
- Kva vedtak av vertskommunen deltakarane skal underrettast om
- Korleis det økonomiske oppgjeret mellom samarbeidskommunane vertskommunen skal gå føre seg
- Korleis deltakarane kan tre ut av samarbeidet
- Korleis samarbeidet skal oppløysast
- Anna som etter lov skal fastsettast i avtale

Kvar enkelt deltakar kan sei opp deltakarforhaldet sitt med eit års skriftleg varsel.

Det finst to former for vertskommunesamarbeid: med og utan felles folkevald nemnd. I begge tilfelle kan ein samarbeidskommune overlata oppgåver til ein vertskommune, som då får myndigheit til å treffe vedtak i saker utan prinsipiell betydning. Myndigheit vert delegert gjennom kommunedirektøren.

I administrativt samarbeid har ikkje folkevalde organ i vertskommunen instruksjons- eller omgjeringsrett. Samarbeidskommunen kan likevel gje føringar for saker som berre gjeld egne innbyggjarar, og kan omgjere vedtak etter forvaltingslova § 35.

Ved samarbeid med felles folkevald nemnd kan denne nemnda få delegert vedtaksmynde i alle typar saker, med mindre anna følgjer av lov. Nemnda kan vidare delegere til kommunedirektøren i vertskommunen.

Skiljet mellom modellane påverkar kor mykje myndigheit som kan overførast.

Vertskommunesamarbeidet er ikkje eit eige rettssubjekt, men administrasjonen i vertskommunen får ansvar for dei aktuelle oppgåvene. Personell vert tilsett i vertskommunen.

Modellen skal sikre forsvarleg forvaltning av lovpålagde oppgåver gjennom interkommunalt samarbeid. I Valle kommune er fleire tenesteområde organisert etter denne modellen. Valle er vertskommune for mellom anna barnevern og PPT, medan Bykle har ansvar for helsetenesta og Vennesla for NAV.

3.7 Aksjeselskap (AS)

Aksjeselskap er regulert av aksjelova og er eit eige rettssubjekt. Aksjeeigarane har ikkje ansvar for selskapet sine forpliktingar utover innskoten aksjekapital, som må vere minimum kr 100 000. Selskapsforma eignar seg godt for eigarskap frå både fysiske og juridiske personar, og opnar for fleksible eigarstrukturar.

AS er særleg tilpassa verksemd i konkurranseutsette marknader, og selskapsforma reflekterer den risiko dette inneber. Generalforsamlinga er selskapet sitt øvste organ og vedtek mellom anna årsrekneskap, årsmelding og andre saker etter vedtektene. Styret vert valt av generalforsamlinga og har det overordna ansvaret for forvaltninga. Dagleg leiar vert normalt tilsett av styret og skal følge dei rammene styret fastset.

Eigarmynde vert utøvd gjennom generalforsamlinga. Kommunen kan difor ikkje gripe inn i selskapet si drift utanom gjennom vedtak i dette organet. Aksjonæravtalar kan regulere forhold mellom eigarane, som stemmerett, styresamansetjing og forkjøpsrett.

Rettane til ein aksjonær er proporsjonale med eigardelen. For å sikre kontroll og kunne realisere strategiske mål, bør kommunen ha eigarskap på minst 50 % av dei stemmeberettiga aksjane.



3.8 Stiftingar

Stiftingar regulerte i stiftelseslova. Ei stifting skil seg frå dei andre selskapsformene ved at den ikkje har nokon eigarar eller deltakarar. Desse er sjølveigande og har ikkje eigarorgan. Når stiftinga fyrst eg oppretta har stiftarane ikkje lenger rådigheit over formueverdien som er overført stiftinga.

Ein stifting kan vere eigna dersom ein ynskjer å skilje ut verksemd og gje full sjølvstende. Stiftingforma er ikkje eigna dersom kommunen ynskjer å styre, ha innflytelse eller kontroll. Dei einaste måtane kommunen har innflytelse etter at stiftinga er oppretta er gjennom val av medlem til styret og gjennom å sette vilkår for eventuelle økonomiske tilskot.

4. Område for eigarstyring – rutinar

KS Eigarforum har utgjeve «Anbefaling om eierstyring, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak»¹

Her er anbefalingar som gjev rutinar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll på fylgjande område:

1. Formål og behov ved val av selskapsform
2. Skilje mellom konkurranseverksemd og monopol
3. God opplæring og informasjon til folkevalde
4. Utarbeide eigarskapsmelding minst ei gong i valperioden
5. Revidere styringsdokument og avtalar
6. Halde eigarmøte
7. Samansetting og funksjon av eigarorganet
8. Planlegging og gjennomføring av generalforsamlingar og representantsmøte
9. Samansetting av styret
10. Valkomité og styreutnemning
11. Balansert kjønnsrepresentasjon i styra
12. Rutinar for å sikre nødvendig kompetanse i styra
13. Styresamansetjing i konsernmodell
14. Oppnemning av vararepresentantar
15. Habilitetsvurderingar og handteringar
16. Godtgjering av styreverv
17. Registrering av styreverv i register
18. Innmelding i arbeidsgjevarorganisasjon
19. Utarbeiding av etiske retningsliner for selskapsdrifta
20. Avklare administrasjonssjefens rolle og forholdet med dagleg leiar av føretaka
21. Utøving av tilsyn og kontroll

Så langt dei er aktuelle for kommunens eigarføremål vil det vere hensiktsmessig å legge desse punkta til grunn for etableringa av prinsipp for eigarstyring og for nødvendige rutinar for å oppnå desse.

¹ KS. (2020). Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll. [AnbefalingerEierskap2020.PDF](#)
Eigarskapsmelding 2023 - 2027



Systematisk sett bør det vere eit sett med prinsipp og reglar som er retta mot kommunen som eigar, og eit sett som er retta mot selskapa og samarbeida – sjå lenger ned.

Valle kommune står fritt til å innføre prinsipp og reglar for selskap kommunen eig fullt ut. For selskap som også har andre eigarar, og for samarbeid som per definisjon har fleire deltakarar, må slike prinsipp og reglar i tilfelle innførast etter avtale med dei andre partane.

4.1 Formål og behov ved val av selskapsform

Førearbeidet for dei selskapa/samarbeida kommunen har skal vise at type organisering er vurdert og til dels diskutert ved oppretting eller inngåing av avtalar.

- Kommunen skal vere bevisst i sitt val ved etablering og kommunedirektøren skal i si saksbehandling vurdere alternativ og grunngjeve valet.

4.2 Konkurranseverksemd og monopol

Kommunen vil sørge for fysisk og formelt skilje mellom konkurranseverksemd og monopol som vert drive av selskap eller samarbeidsordningar der det er påkravd. Dette for å unngå brot på reglane om offentleg støtte.

4.3 God opplæring og informasjon til folkevalde

Styringa av selskapa og samarbeida skjer av dei folkevalde gjennom selskapa. Dette gjer det nødvendig med kjennskap til tilhøve som avvik frå den ordinære politiske styringa av kommunen. Derfor vil det vere behov for opplæring av alle nye folkevalde ved kvar valperiode. I tillegg bør det gjevast ekstra opplæring til dei personane kommunen vel til styringsorgana.

- Alle nye folkevalde skal få ei generell opplæring i styring og kontroll av kommunens selskap i samband med opplæringa i kvar valperiode.
- Kommunedirektøren ser til at aktuelle leiarar og sakshandsamarar får nødvendig opplæring.

4.4 Utarbeiding av eigarskapsmelding

Eigarskapsmeldinga bør rullerast ved behov, og minst ei gong kvar valperiode. Forma på, og innhaldet i ei eigarskapsmelding bør jamleg diskuterast. Kommunestyret bør drøfte kva ein vil oppnå med det enkelte selskap og samarbeid.

- Eigarskapsmeldinga rullerast ved behov, og minst ei gong kvar valperiode.

4.5 Revidere styringsdokument og avtalar

Eigaren har ansvar for å vurdere om selskapa og samarbeida har føremål og strategiar som er i tråd med kommunens intensjonar. Det må også vurderast om rapporteringa (som årsmelding og rekneskap) gir tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere måloppnåing.

Det bør fastsetjast krav til tilbakemeldingar frå selskapa, og korleis desse skal behandlast i kommunen. Kommunestyret har vedteke at innkallingar til generalforsamlingar i heileigde AS skal leggjast fram for handsaming og eventuelle vedtak.



For finansielt motiverte eigarskap bør det stillast krav til økonomisk resultat og avkastning. For politisk motiverte eigarskap bør det rapporterast slik at ein kan vurdere måloppnåing og effektiv drift.

Selskap der kommunen eig meir enn 50 %, skal årleg levere ei fylldig årsmelding med vurdering av måloppnåing. Dei skal også sende innkallingar til generalforsamlingar og representantskapsmøte i god tid, slik at sakene kan behandlast politisk. Kommunen vil arbeide for at dette også gjeld selskap der kommunen eig mindre enn 50 %.

- Kommunen vil ved handsaming av innkalling til generalforsamling, representantskap ol. vurdere kva krav til økonomisk resultat/avkastning og eventuelle andre krav som skal stillast.
- Kommunen vil ved handsaming av innkalling til generalforsamling, representantskap ol. vurdere om det er nødvendig å endre selskapet/samarbeidet sitt føremål og oppgåver.

Alle innkallingar til generalforsamling, representantskap ol. skal og sendast til kontrollutval/revisjonen.

4.6 Eigarmøte

Kommunen bør få relevant informasjon frå sine selskap og samarbeid, i tillegg til årsmelding/rekneskap.

Det bør i tillegg haldast minst eitt årleg eigarmøte der kommunestyret kan få informasjon om selskapet si verksemd. Dette vil nå mange politikarar, og andre, og slik kunne gje større eigarfølelse til selskapet, samtidig som selskapet kan få verdifull informasjon og innspel i ei meir uformell ramme.

KS anbefalar at det jamleg blir gjennomført eigarmøte for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet. Eigarmøte er eit møte mellom representantar frå kommunen som eigar, styret og dagleg leiar for selskapet.

Nokre gonger har eigarane behov for å diskutere strategiar mellom seg utan å treffe formelle slutningar, og dette bør kunne gjerast utan å kalle inn til møte i generalforsamlinga eller representantskapet etter dei formelle reglane i grunnlova.

Eit eigarmøte er ikkje lovregulert og er berre ein uformell arena der det ikkje skal treffast vedtak. I tillegg bør det ikkje leggjast føringar eller «gjevast signal» i eigarmøte som kan sjåast som å gripe inn i styret sitt myndigheitsområde. Eigarmøte er uforpliktande for eigarane og for selskapet.

- Kommunen og selskapa vurderer fortløpande behovet for gjennomføring av eigarmøte.
- Kommunen sine selskap skal minst ei gong i året ta initiativ til å avhalde eigarmøte med kommunestyret.

4.7 Eigarorganet si samansetting og funksjon

Eigarorgana er for AS generalforsamling, for IKS er det representantskapet, og for øvre selskap- og samarbeidsformer avheng det av avtalegrunnlaget/vedtektene.

Samhandlinga mellom kommunestyret og eigarorgan er ikkje regulert. Eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet for selskapa og gjennom kommunestyret for føretaka. For selskapsformene AS og IKS bør det for å sikre engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eigarorganet si myndigheit, etablerast føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyre og eigarorganet som forankrast i eigarskapsmelding.

I eigarskapsmeldinga er ordføraren vald til fast representant i generalforsamlingar og representantskap. Ved vala for inneverande periode vart den ordninga vidareført, med varaordføraren som vararepresentant.

Kommunen kan i tillegg ha personar i selskapa sine styringsorgan (AS og IKS), men desse bør skiljast frå den/dei person(ar) som representerer kommunens eigarinteresser.



- Ordføreren er kommunens faste representant i eigarorgan, med varaordføreren som vararepresentant.
- Dersom føremålet med selskapet er reine driftsoppgåver, kan administrasjonen sitte i eigarorganet.

4.8 Gjennomføring av generalforsamlingar og representantskapsmøte

Dei formelle eigarmøta er generalforsamling eller representantskap. Det er styret som innkallar. Avgjerelser om innkallingsfrist bør takast inn i vedtektene, slik at det blir teke omsyn til kommunens behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker. Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å delta på generalforsamlinga i aksjeselskap. Andre styremedlem har rett, men ikkje plikt. Revisor har rett til å vere til stades. Ved nokre høve er dette plikt når det er saker under handsaming som gjer dette nødvendig.

For interkommunale selskap har styrets leiar og daglege leiar plikt til å vere til stade på representantskapsmøte. Dette gjeld ikkje for revisor, men det er anbefalt å fylje aksjelova sine reglar på dette punktet.

Gjennom IKS-lova er representantskapet tillagt fleire oppgåver enn generalforsamlingar i eit aksjeselskap. Representantskapet skal fastsette budsjett, økonomiplan og rekneskap. Vedtak om sal eller pantsetting av fast eigedom eller anna større investeringar er også lagt til representantskapet. Desse vedtektene gjev i utgangspunktet representantskapet større innflyting over forvaltinga av selskapet enn generalforsamlinga i aksjeselskap.

Ordføreren stillar med bunde mandat når det gjeld saker på generalforsamlinga som kommunestyret har behandla. Derimot kan kommunestyret si formulering vere eit klart politisk krav, og vedtaket tilseier i alle tilfelle at ordføreren så langt som mogleg på sikre seg at han kan handle i overenskomst med kommunestyret sine direktiv.

For å sikre kommunestyret si tilgjenge til kontroll og oppfylging, bør det vere ein regel om tilbakemelding frå ordføreren til kommunestyret.

- Ordføreren må på eigarorganets møte fylje opp kommunestyrets direktiv i saker som kommunestyret har teke stilling til.
- Ordføreren må sørge for hensiktsmessige tilbakemeldingar til kommunestyret om informasjon og vedtak som kjem fram i eigarorgana.

4.9 Samansetting av styret

Eigaren har ansvar for å setje saman eit profesjonelt styre med relevant kompetanse og personlege eigenskapar som utfyller kvarandre. Styret skal fungere som eit kollegium og ha både generalist- og fagspesifikk kompetanse tilpassa føremålet med verksemda.

Styreverv er personlege og skal utøvast til beste for selskapet, ikkje på vegner av parti eller eigar. Eit profesjonelt eigarskap krev at eigar utøver styring gjennom eigarorgan, ikkje direkte i styret.

Ved oppnemning av styre bør eigar gjere ei grundig vurdering av selskapet sitt føremål og eigarens forventningar. Ein føreseieleg og fagleg forankra prosess sikrar nødvendig kompetanse og tryggleik ved nyrekruttering.

Styret sitt ansvar er regulert i aksjelova og lov om interkommunale selskap. Kompetansebehovet vil variere med eigarskapsformålet – om det er finansielt, politisk eller samfunnsnyttig. KS Eigarforum har utarbeidd retningslinjer for kva kompetanse og eigenskapar som bør liggje til grunn ved vurdering av styresamansetting.

4.10 Krav til kompetanse i styret/styremedlem

- Kunnskap om aksjelova, IKS-lova, kommunelova og andre relevante lover, forskrifter og avtalar som har betydning for selskapet si drift.



- Kunnskap om selskapet sitt føremål, vedtekter, organisasjon og historie.
- Kompetanse om private og kommunal rekneskapsprinsipp, evne til å lese økonomiske utviklingstrekk og ta føre seg nødvendige grep når nødvendig.
- Kompetanse på offentleg forvaltning og dei politiske og samfunnsmessige utfordringane til kvar tid.
- Spesialistkompetanse og erfaring på eit eller fleire område som for eksempel juss, økonomi, marknadsføring, forvaltning, kommunalkunnskap, teknikk, HMS, leiging og organisasjon.
- Ha kunnskap om trendar og utviklingstrekk innanfor bransjen.
- Ha kunnskap om konkurrerande verksemdar.

4.11 Krav til eigenskapar i styret/styremedlem

Eit godt styremedlem er engasjert, resultatorientert og open for kontinuerleg læring. Det må ha mot til å stille kritiske spørsmål og evne til å bidra til løysingar som styret samla kan stå bak. Å stille spørsmål utan å ha svaret sjølv er ein styrke, likeins som å prioritere tid til styrearbeidet.

Integritet er avgjerande – både når det gjeld teieplikt og respekt for strategiske avgjerder. Eit godt styremedlem bidreg til å styrke selskapet sitt omdøme, tileignar seg relevant kunnskap om verksemda og respekterer styreleiaren si rolle som talsmann.

Nokre av selskapa har krav til kompetanse hos styremedlem nedfelt i vedtektene.

Når det er spørsmål om å velje folkevalde eller tilsette i kommunen til styremedlem i selskapa kommunen har eigarandelar i, bør kommunen vurdere kor ofte vedkomande vil bli inhabil.

- Ved val til styre, skal kommunen sikre at styret samla får den nødvendige kompetansen.
- Kommunen skal gje alle personar som blir valde til selskapsorgana og liknande, tilpassa opplæring.
- Dersom inhabilitet vil hende ofte, må kommunen vurdere om dette vil gjere det uhenksmessig å velje den aktuelle personen til styremedlem.

4.12 Valkomit  for styreutnemning i AS og IKS

Kommunedirekt rutvalet i Setesdal fungerer som valkomite til f rebuing av styreval i dei fleste selskapa og samarbeida desse kommunane har saman.

For andre selskap og samarbeidstiltak kommunen deltek i varierer praksisen for f rebuing av styreval. I ein del selskap er dette vedtektsfesta.

For selskap mv. som kommunen eig heilt ut, eller der kommunen direkte skal velje representantar, f rebuast personvala av kommunens valkomit .

KS anbefaler at valkomit  blir vedtektsfesta for selskap.

Eigar st r fritt til   endre styresamansetting uavhengig av valperiode. Heile styret b r normalt ikkje bli skifta ut p  same tid for   sikre kontinuitet og vidaref ring av kompetanse. Det kan derfor vere hensiktsmessig med overlappande valperiode for ulike styremedlem.

- Ordf raren vurderer om det er behov for eigen valkomit  i selskap.

4.13 Balansert kj nnsrepresentasjon i styre

I kommunelova er det eit generelt krav til 40% representasjon av kvart kj nn ved val. I lov om IKS (§ 10) finns tilsvarande regel, og det er innf rt tilsvarande reglar (kompl. § 21) for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst to tredelar av aksjane.

Ved val til styre ol. med fleire enn 3 medlem i selskap og samarbeid, skal kvart kj nn vere representert med minst 40%.



4.14 Rutinar for å sikre rett kompetanse

Kommunen har for sin del ikkje hatt noko systematisk opplæring av dei personane dei vel til styre ol. Eigarskapsmeldinga har stilt krav til selskapa om at dei sjølv sørger for nødvendig skoloring og kompetanseheving. Det bør oppretthaldast. Vidare bør det stillast krav til at styra utarbeidar styreinstruks og instruks for dagleg leiar. Ein god del av selskapa har allereie gjort dette.

Kommunen må også vurdere kva slags kompetanse ein treng i eit styre, og velje personar etter det. Politisk erfaring og tilhøyrslø er berre ei type kompetanse.

- Selskapa og samarbeida skal sjølv vurdere kva kompetanseheving som er nødvendig for styremedlem, og sørge for at dette vert gjeve så snart som mogleg etter at ein vald representant har trådd i funksjon. Ved behov skal opplæring gjevast fortløpande.
- Styra skal utarbeide styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på ein klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.
- Styra skal årleg gjennomføre eigenevaluering.

4.15 Styresamansetjing i konsernmodell

Styret i morselskap bør ikkje sitte i styret til dotterselskap fordi styret i morselskap utgjør generalforsamling i dotterselskap. Bestemminga er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold. Særleg må ein vere merksam på problemstillingar knytt til anbod og inhabilitet dersom eit av selskapa gjev inn anbod til eit anna selskap i same konsern.

Styremedlem i morselskapet bør ikkje sitte i styret til dotterselskapet.

4.16 Oppnemning av vararepresentantar

Det er anbefala at der det skal veljast vararepresentantar til eit styre, skal det bli vald vararepresentantar i rekke, ikkje personlege. Dette for å betre kontinuitet og kompetanse. Dette vil fordre vedtektsendring i enkelte selskap.

- Vararepresentantar til styre skal normalt veljast i nummerrekkefylje.

4.17 Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styre

Det er habilitetsreglar for den interne verksemda i selskapa i særlovgiving, dvs. i lovene for AS, IKS, KF og stiftingar. Selskapa må sjå til at desse blir fylgde. Erfaring viser at desse reglane har skapt få problem.

Det er dessutan generelle habilitetsreglar i forvaltingslova (§ 6), der ein bl.a. vert inhabil i kommunens behandling dersom ein er medlem av styret eller bedriftsforsamlinga i eit selskap som er part i saka.

Kommunen bør derfor ikkje velje personar i styre, dersom dette i neste omgang kan medføre at dei vert inhabile i kommunal handsaming som angår selskapet. Ordførar og kommunedirektør bør ikkje sitte i styre og selskap.

- Kommunen skal nøye vurdere habilitetsforhalda ved val av styremedlem og liknande.



4.18 Godtgjering til styremedlem

I eit AS blir styregodtgjeringa fastsett av generalforsamlinga og i eit IKS blir dette fastsett av representantskapet. Det er kommunestyret sjølv som fastset godtgjeringa til styret i KF. I andre samarbeidsformer vil det gå fram av avtalen/vedtektene.

Eit styreverv er eit personleg verv, og godtgjeringa bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda si kompleksitet. Slike styreverv kan medføre både strafferettslege og erstatningsmessige konsekvensar. Godtgjering i selskap som opererer i marknad med betydeleg risiko, bør reflektere dette.

Styre i selskap der vervet kan tenkjast å medføra økonomisk ansvar, bør teikne styreforsikring for medlem.

- Kommunen vil føre ei nøktern linje med omsyn til styregodtgjering, men godtgjeringa bør reflektere styret sitt ansvar og risiko, kompetanse, tidsbruk og verksemda si kompleksitet.
- Selskapa bør vurdere å teikne styreforsikring.

4.19 Registrering av styreverv

Pr i dag eksisterer det ikkje noko form for offentleg styrevervregister. Dette vart avvikla 1.4.2025. I den grad det vert oppretta noko tilsvarande i framtida bør alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap registrere verva. Kommunen er som folkevalde organ avhengig av allmenta si tillit når det gjeld forvaltning og styring. Openheit rundt kva andre roller lokalpolitikarane ha i samfunnslivet er viktig for å unngå mistanke og rolleblanding. Registrering i eit eventuelt styrevervregister vil i seg sjølv skape auka bevisstheit om dei ulike rollane ein lokalpolitikar har og av dette vere til nytte ved vurdering av representantane sin habilitetssituasjon.

4.20 Arbeidsgjevartilhøyrslø i sjølvstendige rettssubjekt

Det vert tilrådd at selskapa søker medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon. KS Bedrift kan vere eit naturleg val for mange av selskapa.

- Sjølvstendige rettssubjekt bør vere medlem av ein arbeidsgjevarorganisasjon.

4.21 Utarbeiding av etiske retningslinjer

Sjå samfunnsansvar ovanfor. Kommunen har vedteke eit eige etisk reglement for sine tilsette og politikarar. Dette bør gjerast gjeldande også for tilsette og styre i selskap og samarbeid, dersom verksemda ikkje allereie er undergjeven tilsvarande eller strengare reglar.

- Selskap der kommunen er eigar skal gjennom heilskapstenking sørge for at innbyggjarane får varer og tenester av høg kvalitet til lågast moglege pris. Selskapa skal sørge for effektivitet og i si verksemd. Alle prosessar, tenester og varer skal produserast under dei beste forhold. Selskapa skal bidra til at både kommunen, lokalsamfunnet og bedrifta får best mogleg omdøme.
- Styret skal utarbeide og jamleg revidere etiske reglar for verksemda. Kommunens eigne etiske reglar gjerast gjeldande som minstestandard for styre og tilsette i bedrifter og samarbeid.



4.22 Særleg om kommunedirektøren si rolle i kommunale føretak.

Kommunale føretak er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men ein del av kommunen. Styret er direkte underlagt kommunestyret, men organisasjonsforma har ei sjølvstendig stilling samanlikna med kommunen. Kommunedirektøren har inga styringsrett ovanfor føretaka, og dagleg leiar er underlagt styret i føretaket. Kommunedirektøren kan like fullt instruere dagleg leiar om at iverksetting av ei sak utsettast til kommunestyret har handsama saka. Vidare skal kommunedirektør i saker som behandlast i kommunestyre, bli gjeve høve til å uttale seg før styret i føretaket treff vedtak.

- Ved oppretting av kommunale føretak vurderer kommunestyret kommunedirektøren si rolle og handlingsmoglegheiter ovanfor dagleg leiar.

4.23 Utøving av tilsyn og kontroll

Kommunestyret har både eit tilsyns- og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket blir fylgd og at etiske omsyn blir ivareteke. Kontrollen blir utført gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltingsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollutvalet er delegert denne funksjonen frå kommunestyret, og har derfor ein spesielt viktig rolle i eigarstyringa. Kontrollutvalet skal på kommunestyret sitt vegne sjå etter at det blir førd kontroll med kommunens eigarinteresser i selskap. Det er viktig at kontrollutvalet blir sikra gode nok rammevilkår slik at dei har moglegheit til å utøve sin funksjon på ein god måte.

Kontrollutvalet skal minst ei gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll som skal bli vedteke av kommunestyret. Det vert tilrådd at planen angjev kva eigarinteresser og selskap som vil kunne vere aktuelle for kontroll og i kva grad det er aktuelt å gjennomføre forvaltingsrevisjon. Med utgangspunkt i planen skal kontrollutvalet gje rapport til kommunestyret om gjennomførte kontrollar samt resultat av desse.

Formålet med selskapskontrollen:

1. Sørge for at reglane som gjeld for organisasjonsforma og verksemdsområdet blir følgde i dei verksemdene som er omfatta av lovpålagt selskapskontroll. I tillegg til selskapslovgivinga er det spesielt viktig å sikre at lov om offentlege anskaffingar blir overhalden. Også reglane i arbeidsmiljølova og miljøvernlovgivinga er viktige kontrollpunkt for kommunalt eigde verksemder.
 2. Kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresse utøv myndigheit på den måten som er fastsett i den aktuelle verksemdslova og varetek kommunens interesser på kommunestyret sitt vedtak og forutsetningar som gjeld forvaltinga av eigarinteressene (eigarskapskontroll).
 3. Prøve å oppnå ein bevisstheit om kva kommunen ynskjer å oppnå ved å etablere verksemder, eller ved å erverve eller eige eigarandelar i verksemder, åleine eller med andre eigarar/deltakarar.
 4. Vurdere økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sitt vedtak og forutsetningar i dei selskapa kor dette særskild skal bli bestemt. (forvaltingsrevisjon). Ein del av kontrollen vil i fyste omgang vere å sjå at kommunen har rutinar for å fylje opp eigarinteressene ved at det blir føreteke kontroll. Det ligg ikkje i selskapskontrollen å ta føre seg kontroll med forretningsmessige disposisjonar då dette fell inn under styret sitt ansvar.
- Kommunestyret vil sjå planen for selskapskontroll og eigarskapsmelding i samanheng.



5. Overordna prinsipp for Valle kommune

Det bør fastsettest prinsipp som rettar seg mot kommunen sjølv, og prinsipp som rettar seg mot selskapa og samarbeida kommunen er eigar av eller medeigar i.

Slike prinsipp kan Valle kommune direkte berre fastsette der eigarandelen er over 50%, men ein kan arbeide for å få desse eller tilsvarande prinsipp innførde også i andre selskap og samarbeid. Prinsippa baserer seg på tiltaka i punkta framfor:

Overordna prinsipp for Valle kommune

1. Ved etablering av nye selskap eller samarbeidsavtalar skal Valle kommune vurdere kva form som er mest hensiktsmessig bl.a. med omsyn til moglegheiter for politisk styring og kontroll, habilitet, ivaretaking av publikums behov og rettar, og rasjonell økonomisk drift.
2. Ved etablering av nye selskap eller samarbeidsavtalar skal Valle kommune sjå at det føreligg eit føremål som klart slår fast kva som er selskapet/samarbeidet sine oppgåver og kva krav som blir stilt frå eigaren si side. Kommunen skal med jamne mellomrom vurdere om det er nødvendig å endre eller justere føremålet.
3. Valle kommune skal vere ein langsiktig, klar og føreseieleg eigar.
4. Valle kommune vil i kvar valperiode gje sine politisk valde representantar i kommunestyret mv. ei innføring i selskapa sine verksemdar og styring.
5. Ved val til styringsorgan vil Valle kommune så til at styret får nødvendig kompetanse. Kvart kjønn skal vere representert med minst 40%.
Vararepresentantar skal normalt veljast i nummerrekkefylgje. Kommunen vil sørge for opplæring av dei valde representantane. Styremedlem i morselskap bør ikkje sitte i styret til dotterselskap. Kommunedirektøren og næraste medarbeidarar skal normalt ikkje bli valde til styringsorgan i selskap.
6. Valle kommune vil fremje sine eigarsynspunkt i selskapa gjennom eigarorgana.
7. Kommunestyret vel kven som skal representere Valle kommune som eigar i bl.a. generalforsamlingar i AS, representantskapet i IKS og andre kommunalt eigde selskap.
8. Vald representant er bunde av dei politiske vedtak der slike føreligg i saker som skal behandlast i selskapa sine eigarorgan.
9. Vald representant må sørge for hensiktsmessig tilbakemelding til kommunestyret om informasjon og vedtak i eigarorgana.
10. Valle kommune vil stå for openheit i alle forhold som angår selskap og samarbeid, så vel som etableringa, ved val og fastsetting av honorar, ved formuleringa av arbeidsoppgåvene og krava til selskapa /samarbeidet.
11. Selskap eller samarbeid som driv både monopolverksemd og konkurranseverksemd, skal formelt halde desse verksemdene avskilt.
12. Valle kommune vil foreta fortløpande selskaps- og/eller forvaltingsrevisjon med selskapa og samarbeida. Kontrollen blir føreteke av kontrollutvalet, etter plan godkjend av kommunestyret.

5.2 Ynskte, overordna prinsipp for kommunens andre selskap og samarbeid

1. Selskap og samarbeid der kommunen er eigar, skal gjennom heilskapstenking sørge for at innbyggjarane får varer og tenester av høg kvalitet til lågast mogleg pris. Selskapa skal sørge for effektivitet og langsiktigheit i si verksemd. Alle prosessar, tenester og varer skal produserast under dei beste forhold for bl.a.



- økonomi, miljø og sosiale forhold. Selskapa/samarbeida skal bidra til at både kommunen, lokalsamfunnet og bedrifta får best mogleg omdøme.
2. Styret skal utarbeide etiske reglar for verksemda. Kommunens eigne etiske reglar gjerast gjeldande som minstestandard for styre og tilsette i bedrifter og samarbeid.
 3. Alle selskap mv. skal kvart år utarbeide fyldig årsmelding, der det særskild blir kommentert om og i kva utstrekning måla er nådd. Også elles når kommunen eller styret finn grunn til det, skal det lagast slik informasjon.
 4. Alle selskap mv. skal sende innkallingar til generalforsamlingar, representantskapsmøte og liknande til kommunen så tidleg at sakene kan leggast føre kommunestyret til behandling.
 5. Alle selskap skal minst ei gong i valperioden ta initiativ til å avhalde eigarmøte med kommunestyret.
 6. Alle selskap mv. skal sjølv vurdere kva skolering som er nødvendig for styremedlem, og sørge for at slik skolering blir gjeve så snart som mogleg etter at ein vald representant er trådd i funksjon. Ved behov skal skolering gjevast laupande.
 7. Styra skal utarbeide styreinstruks og instruks for dagleg leiar.
 8. Styra skal årleg gjennomføre ei eigenevaluering.
 9. Alle selskap bør vurdere å teikne styreforsikring.
 10. Alle selskap bør vere medlem av ein arbeidsgjevarorganisasjon.
 11. Alle selskap mv. skal vere mest mogleg opne om alle forhold, med unntak ved handsaming av saker som er underlagt teieplikt, personalsaker, saker av forretningsmessig karakter, og liknande.
 12. Alle selskap mv. skal i størst mogleg utstrekning halde møte i eigar og styringsorgan som opne møter der lova ikkje er til hinder for det, med unntak ved handsaming av saker underlagt teieplikt, personalsaker, saker av forretningsmessig karakter, og liknande.
 13. Sakshandsamingsprinsippa i forvaltingslova, arkivlova og lov om offentlege anskaffingar gjeld for selskapa og samarbeida.

Kommunen vil arbeide for at reglane ovanfor, eller tilsvarande reglar, blir innførde i alle selskap og samarbeid der kommunen er eigar eller deltakar i.



6. Oversikt over Valle kommune sine eigar- og samarbeidsrelasjonar

Her følgjer ein oversikt over dei ulike eigar- og samarbeidsrelasjonane Valle kommune har.

Interkommunale selskap etter IKS-lova/KL§27

Namn	Bidrag/overføring/kostnad per år i 1000 kr.	Del eigd av Valle kommune	Kontorstad	Løyser oppgåve
Setesdal miljø og gjenvinning IKS	5.111	20%	Evje og Hornnes kommune	Renovasjon
Setesdal Brannvesen IKS	5.678	20,80%	Evje og Hornnes kommune	Brann, redning, beredskap
Konsesjonskraft IKS	0	4,83%	Bykle kommune	Distribusjon og andel med elektrisitet
Aust-Agder museum og arkiv	1.597	5%	Arendal kommune	Arkiv
IKT Agder	5.131	1,8%	Arendal Kommune	IKT
Agder kommunerevisjon	879	4%	Kristiansand kommune	Revisjon
Agder sekretariat	179	6,25%	Kvinesdal kommune	Sekretariat for kontrollutvalet
Setesdalsmuseet Eigedom IKS	25	33%	Valle kommune	Bygningsvern
Setesdal regionråd/SIPR	500 (vedteke budsjett 2026)	25%	Valle kommune	Infrastruktur, næringsutvikling og interkommunalt samarbeid
Midt-Agder friluftsråd	50		Kristiansand kommune	Legge til rette for friluftsliv for alle

Vertskommunesamarbeid

Namn	Bidrag/overføring/kostnad per år i 1000kr	Føremål	Kontorstad
Setesdal PPT	915	PP-teneste	Valle kommune
Setesdal barnevern	2.740	Barnevernsteneste	Valle kommune



Helsetenesta i Bykle og Valle	18.992	Helseteneste	Bykle kommune
Senter mot seksuelle overgrep Agder (SMSO)	15	Krisesenter og støttesenter	Kristiansand kommune
NAV Midt-Agder	1.867	Sosialteneste	Vennesla kommune
Lokalmedisinske tenester (LMT)	674	Helseteneste	Evje og Hornnes kommune
Personvernombud	21	Overvaking og rettleiing av personopplysningar	Arendal kommune

Aksjeselskap

Namn	Aksjekapital	Del tilhøyra Valle kommune	Driftstilskot per år	Kontorstad
Setpro AS	1520	20%	268	Evje og Hornnes kommune
Aust-Agder næringssselskap	3042	0,329	0	Arendal kommune
Kommunekraft	320	0,31%	0	Oslo kommune
Å Energi	2525	1,13%	0	Kristiansand kommune
Setesdalstunet AS	210	50%	0	Valle kommune
Valle Husflidbygg AS	1000	60%	0	Valle kommune
Setesdal Bilruiter L/L	1657	4,29%	0	Evje kommune

Kommunale føretak

Namn	Driftsresultat	Kontorstad
Øyne industribygg KF	237	Valle kommune

Kjøp av tenester/medlem/andre

Namn	Driftstilskot/kontingent per år	Kontorstad
AT Skog BA	2	Skien kommune
LVK	309	Oslo kommune



KS		Oslo kommune
Utmarkskommunane si samanslutning (USS)	53	Oslo kommune
Aust-Agder utviklings- og kompetansefond	0	Arendal kommune
Setesdal informasjons- og kompetansesenter	0	Evje og Hornnes kommune



Eigarskapsmelding 2023 - 2027



Valle kommune
Postboks 4
4746 Valle

Sentralbord: +47 37 93 75 00
E-post: post@valle.kommune.no
www.valle.kommune.no
